

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 92/2012**

2012/EØS/50/19

av 30. april 2012

om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg VI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 18/2012 av 10. februar 2012⁽¹⁾.
- 2) Avgjerd nr. H6 av 16. desember 2010 om bruk av visse prinsipp for samanlegging av tid i medhald av artikkel 6 i forordning (EF) nr. 883/2004 om samordning av trygdeordningar⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg VI til avtala etter nr. 6.5 (avgjerd nr. H5) skal nytt nr. 6.6 lyde:

"6.6. **32011 D 0212(01)**: Avgjerd nr. H6 av 16. desember 2010 om bruk av visse prinsipp for samanlegging av tid i medhald av artikkel 6 i forordning (EF) nr. 883/2004 om samordning av trygdeordningar (EUT C 45 av 12.12.2011, s. 5)."

Artikkel 2

Teksta til avgjerd nr. H6 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mai 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*), eller på den dagen avgjerd i EØS-komiteen nr. 76/2011 av 1. juli 2011⁽³⁾ tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 30. april 2012

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Fungerande formann

⁽¹⁾ TEU L 161 av 21.6.2012, s. 24, og EØS-tillegget til TEU nr. 34 av 21.6.2012, s. 29.

⁽²⁾ TEU C 45 av 12.2.2011, s. 5.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

⁽³⁾ TEU L 262 av 6.10.2011, s. 33, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 6.10.2011, s. 46.